

LINDÅS KULTURRÅD

4. apr 2019

Til
Kultursjef Alver kommune
Eirik Bouwer Utne

Søknad på midlar – ei datateknisk løysing må på plass

Vi vonar betre datateknisk løysing for søknad og handsaming av midlar i Alver kommune kjem på plass snarast. Dette vil gjere både handsaming og oversikt langt betre enn det er i dag. Dette vil betre handsaminga både i administrasjonen og i den politiske avgjerda.

Lindås kulturråd meiner det bør investerast i eit moderne dataprogram som gjer betre oversyn både for søkjar og sakshandsamar i desse sakene. Slik det er i dag må sakshandsamar gjere mykje manuelt arbeid med innlegging av tal og tekst etc. Dette burde vore automatisk innhenta frå søknadsskjema.

Eit slikt dataprogram må leggjast opp til at det kun er mogleg med ein søknad frå kvart lag. Som tidlegare nemnt må laget i søknaden spesifisere kva ymse grupper innad i laget søker om, men at det blir ein søknadssum frå kvart lag. Vi ser framleis at dei mest kreative søker på fleire ulike område og på den måten får mest mogeleg ut.

Det fins fleire kommunar med gode dataløysingar på dette. Mellom anna Bergen, Trondheim m.fl. Desse løysingane er kommersielt tilgjengelege.

Lindås Kulturråd stiller seg til disposisjon og ser fram til eit godt samarbeid i samband med utvikling av ei digital løysing.

På vegne av styret i Lindås kulturråd



.....
Einar Vatne
Styreleiar



.....
Per Ole Ekker
Sekretær